

UTSKRIFT
Av

MØTEBOKA FOR RADØY ELDRERÅD
11.mai 2004

Sak 17/04: HØYRINGSNOTAT – BRUKERBETALING INNAN PLEIE- OG OMSORG

Rådgivevar II orienterte kort om dei ulike betalingsordningane innan pleie- og omsorg. Slik det er i dag betalar dei som bur i eigen heim for kvar teneste dei mottek, unnateke heimesjukepleie som er gratis. Dei som bur i institusjon betaler ein fast del av inntekta si for det totale tilbodet.

I dag ligg hovudansvaret for finansiering av tenestene i kommunen. Staten finansiere deler av legetenesta, legemidlar, hjelpemidlar og bustønad til dei som eig eller leiger bustad. For dei som bur i institusjon har kommunen ansvar for å finansiere alle tilbod.

Dei ulike reglane er kompliserte og vanskelege å forhalde seg til både for kommunen og ikkje minst for brukarane. Brukarane med lik inntekt bør i prinsippet betale likt for like tenester.

Eldrerådet drøfta høyringsnotatet, men fann det vanskeleg å gå inn på dei ulike betalingsmodellane i høyringsutkastet. Eldrerådet vil likevel peike på at det må vere lik betaling for like tenester.

Eldrerådet gjorde samrøystes slikt vedtak:

Vedtak:

Eldrerådet vil peika på at det er positivt at det no vert sett på brukarbetalinga innan pleie- og omsorg. Det er viktig at ein får eit betalingssystem som gjev meir lik behandling, enten ein bur i eigen heim eller i institusjon. Betalingssatsane bør verta vurdert ut frå betalingsevna, dvs. den totale inntekta, pensjon og anna inntekt som t.d. renter av formue.

Radøy eldreråd er og opptekne av at ei omlegging ikkje må føre til meirbelastning/meirkostnader for kommunane utan at det vert tilstrekkeleg kompensert frå staten. Dette vil i så fall gå ut over tenestetilbodet til dei eldre.

Rett utskrift



RADØY KOMMUNE
KROSSVEGEN 8
5936 MANGER

09.06.04

Björg Følmer

